

Vedtekter for næringsfondet i Tysvær kommune

Vedtatt av kommunestyret den 26.11.2013

§1 Heimel, kapital og organisering

Næringsfondet er oppretta etter vedtak i Tysvær kommunestyre den 10.10.1989. Kommunestyret vedtok 06.05.2003 at landbruket går inn under fondet sitt område. Det blir kvart år sett av midlar til fondet. Budsjettet blir endeleg vedtatt av formannskapet som er styre for nærings- og tiltaksfondet. Styret kan delegerer avgjersler i enkelt saker til rådmannen.

§2 Føremål

Avkastninga av fondskapitalen skal nyttast til å sikre at Tysvær kommune er ein god kommune å etablere og drive næringsverksemd i, samt å støtte opp om regionalt samarbeid på området. Fondet skal sjåast i samanheng med arbeidet som Haugaland Vekst gjer for kommunen på næringsida og bidra til kontakt mellom etableraren/verksemda og virkemiddelapparatet der det er aktuelt.

Tilskot blir gitt til følgjande:

A. Tilskot til personar og ein skilde verksemdar.

Dette gis i form av tilskot til bedriftsutvikling og kan omfatte etablerarstipend, opplæring, produktutvikling, marknadsføring, marknadsundersøking, planlegging og kjøp av konsulenttenester. Maksimalt tilskot er 50 % av dokumenterte kostnader.

B. Tilskot til fellestilltak/samarbeidstilltak mellom næringsdrivande i kommunen og i regionen.

Tilskot kan løyvast til fellestilltak og samarbeidstilltak mellom næringsdrivande i Tysvær. Døme på dette er samarbeid om marknadsføring, produksjon eller felles kompetanseheving, samarbeidstilltak for samfunns- og næringsutvikling i distrikta.

C. Kommunale tiltak/prosjekt

Dette gjeld tiltak som er knytt opp mot kommunen sin strategiske næringsplan, regionalt samarbeid eller til tiltak knytt opp mot andre næringspolitiske målsettingar.

D. Tilskot til jordbruket

Det kan gis tilskot til drenering av jordbruksjord. Tilskot til drenering av jordbruksjord avgrensa til systematisk grøfting, profilering og omgraving utgjør kr 1000 pr dekar. Ved annan grøfting kan det gis kr 15 pr løpemeter grøft avgrensa oppad til kr 1000 pr dekar. Berekna tilskot under kr 3000 pr søknad blir ikkje utbetalt.

Vidare gjeld reglane i Forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord (FOR 2013-06-25 nr 769) frå Landbruks- og matdepartementet (LMD), og rundskriv 2013-5, Forvaltning av forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord frå Statens landbruksforvaltning, unntatt det som omhandlar fylkesmannen sin funksjon.

Det kan gis tilskot til nydyrking med kr. 2500 pr. dekar. Det føreset at eksisterande dyrka areal på garden er tilfredsstillande drenert, og grøfter er vedlikehaldne. Berekna tilskot under kr. 7500 pr. søknad blir ikkje utbetalt.

E. Tilskot til skogbruket

Tilskott kan gis til aktive skogeigarar, her forstått som: Skogeigarar som kan vise til aktivitet i eiga skog, som har skogbruksplan og eigedom over 25 daa. Produktiv skog.

Vilkår for å få tilskott:

Tiltaka skal være fagleg og miljømessig forsvarleg. Feltet skal vera på minst 2 daa samanhengande areal. Det skal bare gis tilskott til virkesfremjande tiltak. Arbeidet skal ikkje starta opp før kommunen har gitt samtykke. Arbeidet skal kontrollerast etter utføring før tilskott blir utbetalt.

Følgjande tiltak kan få 30 % tilskott av godkjent kostnadsoverslag:

Etablering av skog: Plantekjøp/planting: Maks 3.50 kr/stk.

Flaterydding. Gjeld 1 gangs etablering av plantefelt: Maks kostnad: 450 kr/daa

Skogkultur:

- Mekanisk etterrydding og avstandsregulering: Maks kostnad: 500 kr/daa
- Stammekvisting: 1000 kr/daa
- Gjødsling av plantefelt: Maks kostnad: 300 kr/daa
- Skogsbilvegar: Generelt tilskott til skogsvegar skal ikkje prioriterast i forhold til overståande. I tilfelle der bygging av skogsvegar kan løyse ut større mengder hogstmoden skog kan ein i særlege høve løyve tilskott til bygging av skogsvegar.

§3 Stønadsvilkår

Samla offentlege tilskot til bedriftsutvikling og investeringar i bedrifter kan ikkje overstige 50 % av kapitalbehovet. Det blir lagt vekt på verdiskapingseffekten av det omsøkte prosjekt og at prosjektet har finansiell ryggrad til å sikre igangsetting av etableringa/tiltaket.

§4 Generelle krav til søknaden/søkaren

Søknaden må innehalde:

- Informasjon om søkjar/verksemd/bransje/kompetanse.
- Informasjon om søknadsføremaal og prosjekt.
- Kostnad/kapitalbehov, finansieringsplan og søknadssum
- Tidspunkt for oppstart/gjennomføring av tiltaket.
- Føresetnad om at søknaden må behandlast av kommunen før oppstart av prosjektet.
- Føresetnad om at kommunen skal haldast orientert om eventuelle endringar i forhold til det som går fram av søknaden.
- Andre relevante opplysningar om planar, utvikling, marknad.
- Revidert rekneskap frå siste år for verksemda dersom det ikkje gjeld nyetablering

Søknad skal fremjast på eige søknadsskjema fastsett av kommunen.

Siste kulepunkt over gjeld ikkje for søknader om tilskot til skogbruk og grøfting.

§5 Utbetaling av tilskottet

Tilskot vert utbetalt på bakgrunn av dokumenterte kostnader. Tilskot kan i særlege tilfelle utbetalast på forskot. Rådmannen førestår tilvising av midlar for utbetaling. Dersom tiltaket ikkje er satt i verk innan 10 månadar etter at tilsegn er gitt, fell det bort om ikkje anna er bestemt. For søknadar under § 2 D er fristen for ferdigstilling 3 år.

§6 Søknadsfristar

Søknader kan leverast og blir behandla fortløpande. Kommunen v/rådmannen kan setje søknadsfristar for søknader under § 2 D.

§7 Budsjett og rekneskap

Formannskapet fastsett budsjettet for Tysvær tiltaks- og næringsfond kvart år på grunnlag av det som er ført opp i kommunen sitt budsjett. Rekneskap for fondet går inn som ein del av kommunerekneskapen. Unytta tilskotsmidlar blir ved rekneskapsavslutninga kvart år ført over til bruk i nytt budsjettår.

§8 Endring av vedtektene

Kommunestyret kan endre vedtektene etter at fondsstyret (formannskapet) og organisasjonar som har spesielle interesser i dette har hatt høve til å uttale seg om framlegg til endringar.